



## MØTEPROTOKOLL UNGDOMSRÅDET

**Møtedato:** 11.12.2019  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 17:00 - 19:00

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Ina Pettersen		Medlem
May Kristin Løtvedt Larsen		Medlem
Emma Bolstad Farestveit		Medlem
Nathalia Angelica Mo Lilletvedt		Medlem
Vegard Gullbrå Tollefsen		Medlem
Regine Kydland		Medlem
Ingeborg Straume Audestad		Medlem

---

### Andre møtande:

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad og ordførar Hege Eide Vik

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2019	VEDTEKTER FOR UNGDOMSRÅDET I VAKSDAL
03/2019	VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR I UNGDOMSRÅDET I VAKSDAL 2020
04/2019	MØTEPLAN FOR UNGDOMSRÅDET I VAKSDAL VÅREN 2020
05/2019	BUDSJETT 2020 VAKSDAL KOMMUNE



**01/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Ungdomsrådet 11.12.2019**

**Behandling:**

**UNG - sak 01/2019 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**02/2019: VEDTEKTER FOR UNGDOMSRÅDET I VAKSDAL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Ungdomsrådet i Vaksdal tek opplæring i demokrati/vedtaksprosessar, og innføring i ungdomsrådet sin funksjon og saksgang til orientering

**Ungdomsrådet 11.12.2019**

**Behandling:**

**UNG - sak 02/2019 Vedtak/Tilråding:**

Ungdomsrådet i Vaksdal tek opplæring i demokrati/vedtaksprosessar, og innføring i ungdomsrådet sin funksjon og saksgang til orientering.

---

**03/2019: VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR I UNGDOMSRÅDET I VAKSDAL 2020**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Ungdomsrådet i Vaksdal har valt følgjande leiar og nestleiar for 2020:

Leiar:

Nestleiar

**Ungdomsrådet 11.12.2019**



**Behandling:**

**UNG - sak 03/2019 Vedtak/Tilråding:**

Ungdomsrådet i Vaksdal har valt følgjande leiar og nestleiar for 2020:

Leiar: May Kristin Løtvedt Larsen

Nestleiar: Vegard Gullbrå Tollesfsen

---

**04/2019: MØTEPLAN FOR UNGDOMSRÅDET I VAKSDAL VÅREN 2020**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Ungdomsrådet i Vaksdal skal ha møte følgjande dagar våren 2020:

- 5. februar 2020
- 25. mars 2020
- 10. juni 2020

**Ungdomsrådet 11.12.2019**

**Behandling:**

**UNG - sak 04/2019 Vedtak/Tilråding:**

Ungdomsrådet i Vaksdal skal ha møte følgjande dagar våren 2020:

- 5. februar 2020
  - 24. mars 2020
  - 11. juni 2020
- 

**05/2019: BUDSJETT 2020 VAKSDAL KOMMUNE**

**FPØ - sak 82/2019 Vedtak/Tilråding:**

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2020 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettorammanne innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafor områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.



2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2020. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2020 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 3,2 promille. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn. For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c. Eigedomsskatten for 2019 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunaleavgifter.
4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 144.000.000,-. Rådmann får fullmakt til å oppta nye lån innafor ei total låneramme på kr 100.110.000,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2020. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne moglege refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Gebyr og betalingsattsar etter «Vedlegg – betalingsattsar 2020» vert godkjent. Nye betalingsattsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2020, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.
7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikelova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2020 og vert å kunngjere lokalt.
8. Feie- og tilsynsgebyr for 2020 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.
9. Vass- og avlaupsgebyr for 2020 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.
10. Slamtømmegebyr for 2020 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.
11. Fastsetjing av eigenandeler for 2020 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

### Vedteke endringsforslag for budsjett for Vaksdal kommune 2020:

Inntekter		
Bruk av disposisjonsfond	2,2 mill. kroner	1,9 mill. til drift, 0,3 mill. auka rentekostnader investeringar.
Avkastning aksjar/obligasjonar	1,0 mill. kroner	
Driftsfinansierte investeringar/	5,2 mill. kroner	Reduksjon frå 10,2 mill. til



## Vaksdal kommune

disposisjonsfond		5,0 mill. kroner
Reduksjon vikarbyrå	0,5 mill. kroner	Bruk hittil i 2019 3,6 mill. kroner
Reduksjon fellesområde økonomi	0,4 mill. kroner	
<b>Samla:</b>	<b>9,3 mill. kroner</b>	
<b>Utgifter/endra ramme</b>	<b>Drift</b>	
Oppvekst	- 2,2 mill. kroner	Lønns og prisvekst 2019-2020 på 3.1 % + 0,7 mill. kroner. (Ein stilling)
Miljøarbeidar auka stilling (Born og unge)	- 0,3 mill. kroner	Frå 50 % til 100 % stilling
Helsestasjon	- 0,7 mill. kroner	Ny 100 % stilling – styrka skulehelsetenesta
NAV	- 0,2 mill. kroner	Barnetrygd ikkje del av berekningsgrunnlag sosialhjelp
<b>Pleie og omsorg</b>		
Auka ramme, styrka heimeteneste, styrka ergoterapi/rehabilitering.  Styrka	- 3 mill. kroner	
Kjøkkenmedarbeidar Vaksdal sjukeheim	- 0,3 mill. kroner	Auke frå 50 % til 100 % stilling frå 01.01.2020
Bonusordning for alle tilsette i pleie og omsorg, prøveordning	- 0,2 mill. kroner	Prøveordning 01.06.20 – 01.09.20 Reduksjon bruk av private vikarbyrå.
Prosjektstilling, årsturnus, bemanning og vikarar	- 0,7 mill. kroner	Sak til kommunestyret våren 2020
Rapport, gjennomgang av Helse og omsorg og organisasjon 2020	- 0,5 mill. kroner	Vedtak kommunestyret PS 74/19
Utval for bygdeutvikling	- 0,5 mill. kroner	Sak til kommunestyret våren 2020
Meiropen kommune	- 0,1 mill. kroner	Sak til kommunestyret våren 2020
Kommunestyret	- 0,115 mill. kroner	Stønad til kjøp av digitalt verkty representantar. Eingongssum ny valperiode. Kommunestyret og kontrollutvalet (23 personar)



Etablerartilskot	- 0,100 mill. kroner	Auke til 25 000,- for kvar
Reduksjon leigesatsar kommunale bygg	- 0,2 mill. kroner	Målsetting: Gratis leige for menneske med nedsett funksjonsevne, seniortiltak og born og unge 0 – 18 år
<b>Diverse tilskot:</b>	-	
Næringssselskapet	- 50 000 kroner	Kursmidlar til næringsdrivande i Vaksdal. Kompetansebygging i lokale bedrifter.
Syngjande kommune	- 70 000 kroner	Driftsmidlar vidare
Daledagane	- 15 000 kroner	Auke
Vintertreffet	- 50 000 kroner	Ekstra i høve 20 års jubileet.
Vaksdal internasjonale kvinnegruppe	- 5 000 kroner	Ny
<b>Samla:</b>	<b>- 9,3 mill. kroner</b>	

## Investeringar.

<b>Sal av båtplassar Stanghelle</b>	1,0 mill. kroner	
<b>Overføring til investeringsfond</b>		1,0 mill. kroner

## Tekstforslag:

### Samfunnsutvikling.

Eventuell tilsetting einingsleiar samfunnsutvikling må sjåast i samanheng med organisasjonsgjennomgang vedteke i kommunestyret PS 74/19

### Bonusordning for alle tilsette i pleie og omsorg, prøveordning

Avtale mellom Vaksdal kommune og tilsette sine organisasjonar. Kommunestyret ber om å få dette tilbake som sak innan 01.03.2020.

### Vaksdal næringssselskap. (VNS)

Vert i 2020 flytta til eigna kontor på heradshuset og noverande leigeavtale for lokaler vert sagt opp.

### Årsturnus.

Kommunestyret ønskjer at det vert innført årsturnus i Vaksdal kommune. Kommunestyret ber administrasjonen arbeide saman med arbeidstakarorganisasjonane med dette som mål.

Kommunestyret ser årsturnus som viktig for å nå målet om å byggja ein heiltidskultur.

## Videreføringar av tidlegere budsjettvedtak:



1. Vaksdal kommune skal ikke nytte seg av Arbeidsmiljølovens åpning for midlertidig ansettelse, men ansette fast.
2. Ingen skal sies opp som følge av omstillinger/ nedbemanning i 2020.
3. Formannskapet skal informeres om arbeidet med heltidskultur og sykefraværet i hvert møtet i 2020.
4. Kommunestyret ber om en gjennomgang av utleiesatsene av kommunale bygg til lag og organisasjoner jf vedtak for 2019.
5. Kommunestyret ber om en gjennomgang av betalingssatser for tjenester i helse og omsorg.

**Ungdomsrådet 11.12.2019**

**Behandling:**

**UNG - sak 05/2019 Vedtak/Tilråding:**

Ungdomsrådet tek Formannskapet si innstilling til budsjett til orientering.

---



**Vaksdal kommune**